

# KYRKJEBLADET

68. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2014

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16

## Ny kyrkjeverje er på plass

Side 6



**Svein Tøsse takkar  
for seg**

Side 5

**Intervju med  
Eidrun**

Side 9

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

### Trusopplærer / kyrkjelydsprest

#### Marianne Bergsjø Gammelsæter

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 95 80 69 20

E-post: marianne@vaksdal.kyrkja.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

#### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)*

## Skulestart

Haust. Enno kjenner ein varmen i lufta, sjølv om morgonen er skarp og kjølig. Små steg på veg inn skuleporten. Noko nytt er på gang, eit heilt nytt liv ein ikkje kjenner noko til. Eit av dei første tidsrekningane i livet startar her, med den første lukta av nybona klasseromsgolv. Førsteklassingen opplever ei heilt ny verd. Ikkje så ulik barnehageverda, men det ligg noko i lufta. Eldre sysken – eller nokon som sjølv har eldre sysken, har fortalt sin versjon av kor farleg skulen er. Om dei strenge lærarane, og om guten som fann på så mykje gale i fjor. Og han som røykte i tredje klasse. Det vert mange slike hendingar i livet etter kvart, det skjønar ikkje førsteklassingen enno. Kalendaren viser eit årstal og ein dato, men desse opplysingane svinn etter kvart bort i skodda. Ein vaksen hugsar nokre av desse opplevingane som dei var i går, og då er ikkje datoen gagn i anna enn for å oppdage kor fort tida går. Nye klassar, nye skular, ny jobb, nye kollegar. Familie. Born. Det er mykje kunnskap som skal sorterast og leggjast på minnet etter kvart. Tenk om ein femtiåring kunne kopiere livserfaringane sine over på ei minnebrikke, og gje til etterkomarane? Nyttar ikkje. Altfor mykje rot. Kunnskapen er kopla sama med stader ein var på, og på smakar og kjensler. Kunnskapen heng fast i lydar og musikk, bilete sendt frå netthinna, og i lukta av nybona klasseromsgolv. Lukke til, Bjart-Magnus! Golvet er ditt. Tidsrekninga startar no.

*Med helsing*

*Svein Tøsse, Kyrkjeverje i V.....*

### Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal  
tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

### Bladstyar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

Wenche Horvei

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.


Tlf. 56 55 36 50

### Retur til: Kyrkjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. november 2014.**



## AMEN

I sommer kjøpte eg ein ny cd av den kjende amerikanske gospelsongaren Andrae Crouch. Mange av dei songene som me song i ungdomsmiljøa på 70 og 80 talet var frå hans plater. Dei var gode og fengjande, og vert framleis sunge, slike som «Soon and very soon». Han held altså framleis på og lager nye ting. Ei av songane som no greip meg har han kalla: «Let the church say: Amen.» «Lat kyrkja svare: Amen.»

Amen, er det ordet me oftast nyttar når me bed ei bøn til Gud, «Vår Far» til dømes. Men det er ikkje einaste måten å nytta ordet Amen på. Når nokon seier eit sant ord, eller eit ord frå Gud som me tykkjer er særst viktig, då kan me òg seie Amen. Dette er rett. Det er godt. Det viktig.

Amen er siste ordet. Når det er sagt er det ikkje meir å seie. Det er vår respons til Gud, og til hans ord. «God has spoken. Let the church say: Amen.» Her ligg ei oppmoding om å svare Ja og amen. Amen tyder: Lat det skje. Då den unge kvinna Maria fekk vitjing av engelen Gabriel som sa at ho skulle verte med barn, føde ein son og gje han namnet Jesus, då svara ho: Lat det skje med meg som du har sagt. Ho svara amen til Gud.

Det er ikkje meir me treng å seie når Herren har talt om frelsa for meg og for folkeslaga i heile

verda. Gud har tala. Då han sa: Vert lys, så vart det lys i verda. Han sendte sitt ord til verda, Jesus. Han er lyset for verda og det einaste namnet som kan gje frelse, som gjev framtid og von i ei uroleg tid. Han har sigra over ondskaperen i verda. Han har sigra over døden. Lat oss vere samstemde i tru og svara: Amen.

Amen er eit ord for fellesskap. I gudstenesta svarar me Amen i kor etter ei rekke ledd.. Det handlar om deltaking. Den bøna som no vart beden, det er òg mi bøn. Dei orda som no vart sagt, dei er mine ord. Dette er hjarteordet, svaret på hans kjærleik. I 1.Johannes 4.19 les vi: «Vi elsker fordi han elska oss først.» Det livet me er kalla til å leva i trua er å vere eit levande Amen for Herren. Ikkje berre seie Amen, men med heile meg leva det. Du er mitt einaste ord til frelse og fred, Jesus.. Du har gitt meg livet, og fornyer det kvar dag. Amen, amen, amen.

Lat oss vere stille for Gud, ta imot hans gode gaver, og svare han amen. Gi vidare den kjærleiken han har elska oss med så vi elsker kvar syster og bror på jorda. Amen er svaret ikkje berre på det å ta imot frelsa sjølv, men og på kallet til å bringe frelsesordet frå Jerusalem til verdsens endar.

# Sluttar i Vaksdal og byrjar i Voss

Når dette Kyrkjebladet kjem i postkassane har Svein Tøsse vore kyrkjeverje i Voss i ei dryg veke, etter å ha vore kyrkjeverje i Vaksdal sidan hausten 1995. Og me i Kyrkjebladet – som han har vore redaktør for alle desse åra – fekk ein prat med han den siste arbeidsdagen hans her.

*Kva var det som gjorde at du tok til i stillinga som kyrkjeverje i Vaksdal?*

- Me hadde flytta til Stamnes, eg var småbarnfar, og eg ynskte å vere mindre vekke heimaifrå. Ei kort tid jobba eg på Tiltakskontoret for Voss og Omland på Voss, og søkte og fekk stillinga som var ein halv stilling i eigeomsforvaltninga i kommunen, og ei halv som kyrkjeverje. Desse jobbane glei litt over i kvarandre, og kommunen heldt til dømes styringa på kyrkja sine pengar.

*Var det nytt og uvant å skulle arbeide med kyrkjelege og kristelege saker?*

Eigentleg ikkje, seier Svein. I oppveksten gjekk han både på søndagsskulen og Ving på Stamnes, og under fyrstegangstenesta song han i eit ungdomskor på Sørlandet. - Likevel er det nok ei lita overgang frå anleggsbrakke til sakristi, ja, seier han med eit smil.

*Mange har nok sett i Kyrkjebladet og avisene at du har med kyrkjebygg og gravplassar å gjere. Kva andre oppgåver har du som kyrkjeverje?*

- Økonomi, løn, personalleing og administrasjon er stikkord her. Og Kyrjekontoret er eit servicekontor for innbyggjarane i Vaksdal, så vel som for sokneråda og dei tilsette.



Svein vart takka av under siste fellesrådsmøte han var med på no i august, og fekk gode ord, blomar og nyaste utgåve av Bibel og salmebok frå fellesrådet. Til venstre står leiar i fellesrådet, Roy Steinsland.

*19 år er ganske lenge – korleis har stillinga endra seg sidan du starta?*

- Den har mellom anna gått frå halv til heil stilling, og kontoret mitt har flytta frå Heradshuset til Messo. Det vart og ein overgang frå å ha prestekontor i prestebustaden på Dale, til å ha kyrkjekontor som vart meir tilgjengeleg for publikum. I 1997 kom det ny kyrkjelov, og det førte til mange endringar. Mellom anna vart kyrkja ei eiga verksemd der skiljet mellom kommunen og kyrkja vart tydelegare. - Sjølv om mange framleis ikkje heil ser skilnaden, seier Svein.

- Det vart stilt større krav til oss, og drifta vart modernisert. Til døme har me gått frå manuell innføring i kyrkjebøkene til å gjere det elektronisk.

*Og korleis har du endra deg sidan du starta?*

- Eg har opplevd mykje i møte med folk, og det har betydd mykje. Gode kollegaer, gode fellesskap og møter med menneske i arbeidet mitt har gjeve meg nye og fine røynsler.

*Er det noko i arbeidet du har funne særleg utfordrande eller vanskeleg?*

-Det mest krevjande har nok vore å få formidla behovet for ein stabil kyrkjeøkonomi til politikarane og administrasjonen i kommunen, seier Svein.

*Kva plass meiner du Den norske kyrkje bør ha i lokalsamfunna våre?*

- Etter mi meining har kyrkja ei sær viktig rolle med å tilby samfunnet ein ekstra dimensjon, og der kan til

dømes borna lære å reflektere over livet på andre måtar enn dei lærer andre stader. Her er særleg trusopppleringa vår sentral.

*Og no vil du til Voss?*

- Eg kjente at no var det på tide å flytte på seg, og stillinga som kyrkjeverje på Voss verka spanande og interessant. Ho gjev nye utfordringar men er samstundes ei stilling eg kjenner frå før. Svein fortel at i stor grad vil han gjere det same som i Vaksdal, men til dømes er det fleire tilsette på Voss. Det gjer at det er fleire som delar på oppgåvene, og han vil til dømes få meir å gjere med eigeomsforvaltninga - altså med kyrkjer og gravplassar. Og han avsluttar med å fortelje at han er spent, men på ein positiv måte!

**Intervju/tekst:  
Frode Kvamsøe**



Praktisk arbeid høyrer og med i ei kyrkjeverje sin arbeidsdag, her frå ein kyrkjegardsdag i Bergsdalen saman med Torbjørn Fosse og Berit Pettersen



Svein nytta høve til å ta ein «selfie» av seg og biskop Halvor Nordhaug under avslutninga av bispevisitasen tidlegare i år.



Svein på kontoret, januar 2001



**CD-en kostar kr 100,-,**  
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrkjekontoret



## Bjart-Magnus er på plass

Den nye kyrkjeverja i Vaksdal, Bjart-Magnus Ndogo Rosvold, hadde sin fyrste arbeidsdag 18. august, og fekk to veker saman med den «gamle», Svein Tøsse. Begge var med då Vaksdal kyrkjelege fellesråd hadde møte 21. august, og Bjart-Magnus vart ynskt velkomen av Roy Steinsland, leiar i fellesrådet.

Den nye kyrkjeverja arvar epostadressa til den førre, men har nytt mobilnummer. Sjå på side 2 i Kyrkjebladet for nærare informasjon.

(Bilete: Kyrkjebladet for Vaksdal)

# RAKNESTUNET

<b>YNGSTES 3</b> 3.-5. oktober For dei i 3.-4. klasse 610 kr	<b>TENÅRINGSLEIR</b> 17.-19. oktober for dei i 8.-10. klasse, 610 kr
<b>YNGRES 2</b> 6.-8. oktober for dei i 5.-7. klasse, 610 kr	<b>FAMILIELEIR</b> 31.oktober -2. november for heile familien Ektepar: 1700 kr, Einsleg: 850 kr Barn 4-7 år: 520 kr Barn 8-14 år: 600 kr Makspris pr. familie; 3400
<b>HAUSTFERIELEIR</b> 10.-12. oktober for dei i 4.-6. klasse, 610 kr	<b>NYTTÅRSLEIR</b> 29. des – 1. jan Frå 10. klasse og oppover, 1015 kr

**PÅMELDING**  
Tlf: 56 17 70 25 ; e-post: nordhordland@imf.no  
**OPNINGSTIDER: mandag - fredag: 8.30-14.30**  
**1. PÅMELDINGSDAG: \* Yngstes 3-, tenårings- og familieleir: tysdag 9.sept kl 08.30.**  
\* Yngres 2-, haustferie- og nyttårsleir: onsdag 10. sept kl 08.30.  
**Avmeldingsgebyr: Kr 100,- (ved avmeld. etter at program er sendt).**

### VIL DU VERA KJØKKENHJELP?

*Du må fylla 13 år i år, eller vera eldre. Det er inga øvre aldersgrense så her kan både foreldre og andre trå till! Oppgåvene er borddekking, setja i oppvaskmaskina, tørrmopping, bordvask osv. Elles deltek du på det som skjer på leir. Gratis kost og losji.*

# Min salme

**Sist kyrkjeblad vart Ole Johnny Domben utfordra til å kome med sin salme. Her er bidragen hans:**

Eg har valt ein svensk salme som «min salme». «Jag har hört om en stad ovan molnen» med tekst av svenske Lydia Lithell (1909-1957). I Sverige er den publisert i «psalmer och sånger som nr. 741». Melodien er opprinneleg frå ein russisk folketone som heiter «Enstonig ringer den lille klokken», teksten handler om ein reisande som har vore lenge borte frå sitt heimland og som no er på vei heim, i det fjerne høyrer han klokka ringe frå moderlandet. Det var melodien og den flotte røysta som vekte mi interesse allereie som tenåring då eg høyrde han første gong framført av den tyske opera songaren Ivan Rebhoff (1931 – 2008). Den svenske teksten til Lydia Lithell vart eg først bevisst på då eg saman med gruppa The un-Real Group øvde han inn som fleirstemt song tidleg på 2000-talet, seinare har også Dale Mannskor fått denne på sitt repertoar. Nokre av mine beste songopplevelser har eg hatt når me framfører denne flotte songen. I Sverige vert den ofte brukt i samband med gravferder, men også fleire songartistar frå Sverige, Noreg og utlandet forøvrig har no denne teksten på sitt repertoar til kommersiell bruk. I Dale Mannskor har me ved fleire høve hatt han på repertoarlista i samband med jula. Teksten handler om Himmelriket – «Staden man får kome til etter livets reise».

**Stafetten går vidare og Ole Johnny utfordrar Morten Bjerke til å kome med sin salme til neste kyrkjeblad.**

**Jag har hört om en stad  
Melodi: Russisk folketone  
Svensk tekst: Lydia Lithell**

*Jag har hört om en stad ovan molnen  
Ovan jordiska dimhöljda länder  
Jag har hört om dess solljusa stränder  
Och en gång, tänk en gång är jag där  
Halleluja, jag högt måste sjunga  
Halleluja, jag går till den staden  
Om än stegen blir trötta och tunga  
Bär det uppåt och hemåt ändå*

*Jag har hört om ett land utan tårar  
Utan sorg, utan nöd, utan strid  
Och där ingen sjukdom mer lider  
Och en gång, tänk en gång är jag där  
Halleluja, där fröjdas vi alla  
Halleluja, vart tvivel försvunnit  
Aldrig mer ska jag stappla och falla  
Jag är framme, ja hemma hos Gud*

*Jag har hört om den snövita dräkten.  
Och om glansen av gyllene kronor  
Jag har hört om den himmelska släkten  
Och en gång, tänk en gång, är jag där  
Halleluja, jag fröjdas i anden  
Jag kan höra den himmelska sången  
Och det sliter i jordiska banden  
Ty jag vet jag ska snart vara där*



• Livs og trus VEGEN i Vaksdal

• **Vegen** er namnet på trusopplæringa for ALLE døypte, og andre som ynskjer det, i heile Vaksdal

• **Vegen** er livs- og trusvegen me vandrar med kvarandre og med Gud heile livet

• **Vegen** er trusopplæring for alle frå dåpen og til 18 år og vil vere livsnært og kjekke samlingar for born og unge (saman med alle aldrar) i Vaksdal

• I Vaksdal er det like naturleg å delta i trusopplæringa som å bere borna til dåpen

• Gud gjev – vi deler. Gud gjev livet og trua. Vi deler tru, fellesskap og liv med små, store og eldre

• **Vegen** vil gje born og unge i Vaksdal del i den kristne kulturarven. Me opnar opp for det vakre Gud har skapt og for kunst og musikk

• Ver med – gå nokre steg saman med born og unge i kyrkjene og i heimane, enten du er born, ungdom, foreldre, besteforeldre, oldeforeldre, fadder eller berre vil vere med

• Informasjon finn du i Kyrkjebladet og på kyrkja si heimeside ([vaksdal.kyrkja.no](http://vaksdal.kyrkja.no)) og det kjem som invitasjon i posten



## Kva kjem til å skje?

Samlingane vil vere ulike og tilpassa borna sin alder. Det vil vere tilbod til alle. Born og unge med særskilde behov vil det verta lagt til rette for så langt råd er.

Det vil vere ulike tema og innhald frå gong til gong, sett opp i ein samla plan, og i eit årshjul. Nokre type samlingar vil gå att:

- Dei fleste samlingane vil vere knytt til ei gudsteneste
- «Gudsrikeleiken» vil verta nytta som forteljingsmetodikk og opplegg på mange samlingar
- Vandringar ute og inne i kyrkjerommet, vår og haust
- Samlingane med ungdomane vil bere preg av leiarfokus og «medvandring»
- Song og musikk vil vere ein natuleg del



## Kva var det kjekkaste med å byrja på skulen? Kva er synst du er fint i kyrkja di?



**Sigrid, frå Stamnes**  
Det gøyaste er karusellen og å dissa med Henriette. Det er kjekt med lekse, og ingen ting dumt med å byrja på skulen.  
Det kjekkaste i kyrkja i dag var å eta gele, og i sommar var det då Mamma og pappa gifta seg - og eg fekk vere brudepike!



**Olav, frå Vaksdal**  
Det kjekkaste er å lære seg sparkesykkel og å svinga seg heilt rundt på klatrestativet! I kyrkja var det kjempekjekt å eta gele då eg fekk 4-årsboka.



**Anna, frå Vaksdla**  
Å humpa på «litlahumpa», og å leika med dragar og kosedyr.  
Det finaste i kyrkja og med forteljinga i dag var då han mannen kom og redda sauene, og då det var fest med venane etterpå!



**Sofie, frå Vaksdal**  
Det kjekkaste er friminnutta og på SFO!  
I kyrkja er det kjedeleg når dei snakkar mykje, men på «St. Lucia» i kyrkja var det så fint når dei byrja å syngje... Det var fint no når den sauene som sat fast vart redda.



**Dale**  
Bruk bilete merka «Gudsrikeleiken Skulevegenstart Dale...»

### SØNDAGSSKULER

Vaksdal søndagsskule har samlingane sine samstundes med Storsamlingane på Bedehuset. Dei møter i kjellaren på Vaksdal bedehus søndag formiddag frå halv tolv til halv ett. I haust vil det vere samling desse datoane: 14/9, 5/10, 2/11 og 7/12.

Stamnes søndagsskule samlast for heile soknet heime hjå Ragnhild og Johan Gravdal på Straume kl 11 på søndager. Det vert ikring seks samlingar i året. Det kjem opp lapper rundt på bygda. Følg med.

Det er ingen søndagsskuler på Dale eller i Bergsdalen.

Stanghelle vil satsa på enkelttiltak knytt til trusopplæringa med juleverkstad og påskeverkstad på Stanghelle bedehus.

I Eksingedalen har det heller ikkje vore samlingar i søndagsskulen i det seinare.

#### VING

Dale Ving for born i 5, 6 og 7. klasse samlast på Dale Bedehus anna kvar fredag frå kl 18:30 – 20:30. Dei startar 5. september og held fram gjennom september, oktober og november. Kontaktperson er Frode Kvamsøe.

Ving på Stamnes og på Vaksdal er avvikla.

#### BARNELEIRAR PÅ FAGERTUN

Det vert i haust leir for 8-10 klasse helga 12. - 14. september. Så vert det to leirar for dei som går i 4-7 klasse. Det er 14 -16 november og 21 - 23 november. Kontaktperson er Åshild Rene.

Edvard Bø

### Liker du å syngja? Bli med i kor!

**Baby- og småbornssong** 0-4 år, i Stamnes bedehus  
Samling ca ein gong i månaden med song, lek og skattejakt. Matpakke tek ein med, servering av drikke og frukt. Tysdagar kl 09.30 –ca 11.30. Dato for første samling vert kunngjort, følg med.

**Stamnes barnekor**, 4 år og oppover, i Stamnes bedehus  
Eit kor med song, trivsel og lek. Opplæring i å stå i kor, syngje og med høve til å utfalde seg. Ein trusopplæringsarena i trygge omgjevnadar.  
Øving torsdagar frå 17.00-18.00.

**Stanghelle/Dale barnesongkor**, frå 8 år (3. klasse) i Dale kyrkje  
Eit kor med høve til utvikling av songstemme og kjennskap til ulikt repertoar, kunnskap om bibelforteljingar og andre forteljingar. Reiser kvart år på tur og har sosiale samver.  
Øving onsdagar kl 14.10 til 15.10.

**Vaksdal barnekor**, 8 år (3. klasse) i Vaksdal kyrkje  
Eit kor med høve til utvikling av songstemme og kjennskap til ulikt repertoar, kunnskap om bibelforteljingar og andre forteljingar. Reiser kvart år på tur og har sosiale samver.  
Øving tysdagar frå 14.10-15.10.

**Kilden**, Frå 13 år og oppover, i Vaksdal kyrkje  
Eit kor med ulikt repertoar, sosiale samver, songoppdrag ved mange ulike høve, reiser innimellom på tur, gjev høve til utvikling av songstemme og songkunnskap.  
Øving fredagar frå kl 18.00-19.30.

Bli med på ein eller fleire aktivitetar som passar din alder. Velkommen!

**For meir info kontakt  
Tone Synnøve Øygard  
Steinkopf tlf: 90041393**

### Nytt trusopplæringsrådet for Vaksdal

Trusopplæringsrådet er sett saman av ein fast representant og ein vararepresentant frå dei ulike sokna. Dei ulike sokneråda har funne sine representantar. Denne gruppa skal vere med å arbeide med korleis trusopplæringa skal vera i i sokna og for heile Vaksdal. Dei vil og vere ein viktig ressurs i arbeidet med ein trusopplæringsplan. Det er Marianne (trusopplærar og kyrkjelydsprest) som leiar trusopplæringsarbeidet, og ho seier at ho er kjempegodt nøgd med eit flott og kompetent trusopplæringsråd og samarbeida med.



#### Her ser me dei på det fyrste møtet dei hadde, i juni

F.v. (sokna dei representar): Haldis Bjotveit Øvstedal (sokna i Eksingedalen), Elin Mbogo-Svensson (Bergsdalen), Britt Torunn Dalseid Klever (Dale), Solveig Brekke (Dale), Hans Kristian H Lid (Vaksdal), Eidrun S Normann (Stamnes), Antje Michelau-Meyn (Stamnes), trusopplærar Marianne, Ragna Lid (Bergsdalen). Medlemar i tillegg: Svein Hovlandsdal (Vaksdal) og Kjersti Vetelejord Børø (sokna i Eksingedalen).





## Eidrun, trufast trusopplærar

Eidrun kjem inn dørene på kyrkje-kontoret rett før skuleåret startar. Ho skal til med nye fyrsteklassingar og er spent og forventingsfull. - Det er alltid slik rett før skulestart, seier ho, eg har so lyst til at kvar einskild skal verta godt møtt og sett i skulekvardagen. Eidrun er utdanna førskulelærar og er lærar på Stamnes skule. Ho har i mange år vore med i arbeidet i kyrkja på Stamnes. Ikkje minst er ho mor til fire born som no er ungdomar og vaksne. I tillegg til arbeidet på garden på Straume.

Men vi har møtt Eidrun for å snakka om trusopplæringa i Vaksdalkyrkjene. Det som no har fått namnet «Livs -og trusVEGEN». Og aller fyrst lurar eg på Eidrun si eiga «trusopplæring», som vel ikkje hadde det namnet den gongen, men likevel...

Ho fortel at ho som lita jente var med i barneforening på Stamnes. - Eg hugsar at vi lærte mykje om misjon om å dela og hjelpa andre, ja, òg sjølve misjonsbefalinga. Så gjekk eg på Søndagsskulen, som dei fleste ungane gjorde. Søndagsskulen var viktig, slår Eidrun fast. - Det var faste ledd kvar gong som vart gjenteken, og eg opplevde det som noko trygt. Vi lærte til dømes Fader vår og velsigninga på den måten, og så fekk vi inn alle bibelfortellingar og mange songar. Det var ein viktig del av mi «dåpsopplæring», for det er jo det trusopplæringa eigentleg er, seier ho: Opplæring i det vi vert døypt til, berre at no gjeld det for heile kyrkja òg for andre med ei anna tru. Difor omgrepet trusopplæring i staden for dåpsopplæring.

-Men då eg var born var jo kanskje det aller viktigaste at eg dilta etter på gudsteneste med foreldra mine. Vanlegvis gjekk vi i kyrkja. Vi tenkte ikkje på at vi «lærte», men fekk det vel berre naturleg inn det vi var med på. Også var det sosialt og kjekt, og vi trefte vener der. Ja, og så hadde eg ei mor som ofte las bibelforteljing og song med meg på senga. Eg var eigentleg veldig heldig slik, legg ho til. Eg spør om ho kan hugse det fyrste minne ho har om Gud frå ho var lita, og ho tenkjer litt og seiar: - Eg har ikkje eit konkret bilete eller minne, men eg hugsar det som noko godt og eg kjenner enno tryggheita heime. Det må vi gje vidare til ungane no og , skunder ho seg å seia. Det er so viktig med det lysa og det goda, om tilgjeving og at kvar og ein har ein Gud å gå til med alle ting i livet.



Eidrun

-Då eg var tenåring var det mykje godt ungdomsarbeid på Stamnes. Eg var med både i «Yngres» og ungdomskoret. Det var viktig for fleire generasjonar, og dei fleste var jo med... Vi reiste fast på Fagertun på leir. Etter kvart vart eg med i Skulelaget. Eg hugsar særskild ein leir som vart kalla «Framnesleiren» mellom 8. og 9.klasse - det sitter som spikra! Eg reiste åleine, men det var ein kjempeoppleving. Eg kjenner enno den inkluderande tonen som var der, og møta på den leiren vart så viktige for meg. En heilt spesiell oppleving!

Du har seinare vore aktivt med i trusopplæringsarbeidet på Stamnes. Kva har du vore engasjert i? -Eg dreiv Søndagsskule i mange år mens ungane var små. Eigentleg skjønar eg ikkje heilt korleis det gjekk i hop; fyrst i floren, og så støvsuging, og så kom ungane inn dørene - og det gjekk som lang tid før dei ville gå... Innimellom tenkjer eg; var det verkeleg slik det var? Men det var jo så fint!

-Men so vart eg og Arne litt trøtte etter kvart, og vi trengte ei pause. Då gjekk eg over i soknerådsarbeidet og har eigentleg talt ungane og dei unge si sak der! Men i fjor vart eg med i barnekooret og det er veldig kjekt! Det er så supert når kantor Tone Synnøve tek det musikalske, og vi er tre som delar ansvaret for ei lita andakt. Særleg meiningsfylt synst eg det er når barnekooret deltek i gudstenestene og fleire familiar er del av fellesskapet.

Eg spør Eidrun kvifor ho meiner at trusopplæringa er så viktig i vår

tid.

Vi vil jo det beste for borna våre. Eg trur foreldra meiner det når dei ber borna til dåpen, og at det er godt for ungane. Ikkje alle veit heilt korleis dei kan gjere det, og eg trur mange er opne for støtte på det. Mange eg synst det er viktig at borna får dette positive med seg, og at trusopplæringa er like naturleg som sjølve dåpen. Det syner at det er folket si kyrkje, og ikkje berre for nokre få.

Og so er det mange viktige tradisjonar. Me nyttar ofte ordet «tradisjon», men det er ofte ein måte å sette ord på at trua tydar noko viktig for oss. Me har jo ein kultur for å vere smålåtne og vil ikkje nytta så store ord. Trusopplæringsdrypp i kyrkja skapar alibi for mange, og kan dei vere der saman med ungane og med den eldre generasjonen òg.

-No kom eg på eit bilde eg har i hovudet, seier Eidrun brått: Vi har sauer heime. Arne roper eit fast rop til sauene. Han roper, og sauene kjem! Når andre roper så verkar det ikkje! Tenk om trusopplæringa kan lære ungane å skilja den «gode stemma». Vi må lære ungane kva som er godt og viktig i livet, og at dei får lære den gode gjetaren sin stemme å kjenna. Arne har noko godt til dei, sauene kjem, og lamma lærer av sauane.

Ho fortsetter engasjert: - Ungane er det mest verdifulle vi har. Tradisjonelt var ikkje ungane viktige, dei var på veg til noko, men ungane har alt i seg, her og no. Dei må få dei gode verdiane frå starten. Vi må spørje kva dei kan bidra med. «Vi må bli som barn», seier

Jesus, og vi må oppgradera dei.

Vi vaksne kan gjerne opne opp på same måte som ungane. Ungane gjer ofte ting enklare, og vi kan lære av dei. Barnetrua er helt klart «god nok tru» Trua er noko vi får. God nok - og faktisk også slik at dei heilt sjølv sagt får gå til nattverd. Barna tek dei vaksne med og det riv ned tersklane. Slik trur eg trusopplæringa er ein dørøpnar òg for dei vaksne, seier ho.

Når det gjeld trusopplæringa i Vaksdal framover spør eg Eidrun om kva tankar ho har om dette.

- Det er viktig at vi satsar og har tru på det vi gjer. Det er så mykje lettare for støttespelarar og medarbeidarar å vere med når vi ikkje treng ha hovudansvar for alt, smilar ho. Det er fint at vi har fått litt ressursar i ein trusopplærar, det gjev ein ny giv!

Eg ynskjer at born og unge får vere meir i kyrkja, og at ungane får vere seg sjølve i fellesskapet i kyrkja. Eg trur det er viktig at det vert meir regelmessig og at det vert meir systematisk for alle i kommunen. Det er bra når noko kan vere på tvers av soknegrensene òg, legg ho til, slik som «Tårnagenthelga».

Som lærar er eg nøye med å skilja mellom det forkynnande og undervisninga i RLE-faget. Men i trusopplæringa kan ein vere personlig og anbefale det goda. I skulen lærer vi om bønn, men i trusopplæringa ber vi saman med ungane og deler det kristne fellesskapet. Vi får leggja opp ut frå korleis borna trur, og til dømes nyttar alle sansar. Eg har tru på det; meir drama og å nytta kroppen og kreativiteten!

Til slutt seier Eidrun at ho lurar på dette med gudstenestene , og eg skyt inn eit spørsmål om kvifor dei er så viktig del av trusopplæringa?

- Eg trur at jo meir ein er der, jo gladare vert ein i det. Då trur eg både små og store kjenner etterkvart at kyrkja er ein heim. Ungane, og heller ikkje dei vaksne kan eta «junkfood» heile tida, smilar ho. Kyrkja tilbyr noko ekte, viktig og godt og noko som varer. Vi treng ro og høgtid og kjenne at noko er heilag. Det er både mi erfaring og min draum for trusopplæringa!

**Marianne B. Gammelsæter**



## NYTTÅR

### Desember

Adventsverkstad, LysVaken Eksingedalen/Nesheim. Lysmesser med konfirmantane og fleire.



### November

Adventsverkstad (born), gudsteneste, Gudsrikeleiken 3-5 år. Tema: Advent og jul.

LVS- OG TRUS-

# vegen

VAKSDAL.KYRKJA.NO



Sjå gudstenestelista for datoane, nettsida og invitasjon i posten!

### Oktober

Tematime om Bibelen. Gudsteneste 10 år. Utdeling av Nye Testamentet.



### September

Pilgrimsvandring 9 og 10 år og for alle!  
6.-7. sept.: Jordbærjazz i Bergsdsalen med vandring, ungdomskafé, jazzjam og jazzgudsteneste. Konfirmantleirar.

### August

«Skulevegen start» for alle fyrsteklassingar (6 år) i si kyrkje: Gudsteneste, Gudsrikeleiken og måltid. Konfirmanttida startar.



## SOMMAR

## Trusopplæringsreformen i Den norske kyrkja

Trusopplæringa i kyrkjene i Vaksdal er ein del av Den norske kyrkja si trusopplæringsreform. Denne reforma vart sett i sving i 2004, og Vaksdal er av dei siste kyrkjelydane som får noko tilskot til eit utvida trusopplæringstilbod. Det skal vere i systematisk og samanhengande trusopplæring frå 0 – 18 år. Bakgrunnen for at Stortinget vedtok denne reforma, og årleg set av pengar over statsbudsjettet, er bortfallet av kristendomsundervisning i skulen dei siste tiåra. Trusopplæringa er foreldra og kyrkja sitt felles ansvar.



**STØRST AV ALT**  
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

## Ny satsing på Bergsdalshytta

Bergsdalshytta ligg på Brekke i Bergsdalen og har dei seinare åra vore eigd av lokale bergsdølingar. Det vert frå i haust satsa på meir drift av huset i tillegg til vanleg utleige slik det har vore. Innovasjon Norge er allereie inn med midlar til å finne ut korleis ein kan få auka bruken av husa, og det vert laga ein plan for oppussing.. Det vert no i haust laga nettside for Bergsdalen, der ulike aktørar i Bergsdalen vert synlege, samt Bergsdalshytta med blant anna kalender og påmeldings-skjema.

Trond og Marianne Bergsjø Gam-melsæter vert frå i haust medeigarar i Bergsdalshytta. Marianne har i lengre tid arbeidd med planar for ein eigen del av drifta. Ein felles-nemnar for desse tiltaka vert namnet «Bergheim i Bergsdalen» . - Vi vil starte forsiktig, seier ho, med ein familieretreat (open for alle!) midt i oktober, men har ulike idear og planar framover.

Bergsdalshytta skal bli ein god stad å vere for både einskildpersonar, ulike grupper og stabar å vere anten for ein dag eller kortare kurs og seminar. Her kan ein koma med ferdig opplegg eller vi kan etter kvart



leggje til rette. Pensjonistgruppe kan vere ei anna interessant målgruppe, fortel Marianne. Ho er òg prosjekt-leiar for eit større treårig prosjekt der IKO (Institutt for kristen oppse-ding) er oppdragsgjevar. Dette vert òg lokalisert i Bergsdalen med ulik vandringar og workshops mm. Alt i alt vonar ho at Bergsdalshytta fram-over vil gje auka besøk i Bergsdalen og kan samarbeida godt med det som allereie skjer.

Marianne ynskjer og å invitera til ei adventhelg siste helga i novem-ber der ein saman førebur jul med ulik tradisjonsbakst, lefsebaking, tradisjonell julepynt, vedhogst, lære gamle og nye jolesongar - rett og slett ei litt annleis juleførebuing i ro og fred! - Det fins ikkje betre rame for noko slik enn i Bergsdalen, seier ho.

## Kva er ei sorggruppe?

Etterlatte møtes regelmessig, deler erfaringar og hjelper kvarandre vida-re. Gruppene har ein eller fleire leiarar, og det er vanligvis mellom 5-10 etterlatte med. Her kan ein snakke om det ein har opplevd og den ein har mista, og ventilere reaksjonar og problemer av forskjellig art. For mange kan tanken på å dele personlege og private opplevingar i ei gruppe være ubehagelig. Men alle delar berre det dei vil med dei andre. Andre etterlatte fremhevar særskilt at den gjenkjenning og identifisering ein føler med å møte andre som er i samme situasjon er det viktigaste med sorggruppedeltakinga. Her kan ein dele følelsar og uttrykke sorga saman med nokon som "verkelig forstår", og dei vonde opplevingane vert anerkjent og får plass. Ein kan både gje og få gode råd og informasjon, og det kan også gje livsmot og håp å sjå og høyre at det er mogleg å komme vidare i livet etter dødsfall.

## Ny sorggruppe startar opp att i september 2014

Gruppa samlast 10 kveldar kl.19.00-21.00 i Kyrkjetunet på Voss (rett ved kyrkja).

Alle får tilbod om ein individuell samtale før oppstart i gruppa. Alle som deltek har teieplikt.

Gruppa vert leia av prest og diakon, som sjølve har opplevd sorg.

Tilbodet er gratis. Har du spørsmål om sorggruppa, ta kontakt med:

Sigrd Djukastein Mala, diakon på Voss , tlf. 47 84 91 34,


diakon@voss.kyrkja.no eller

Ivar Bu Larsen, sokneprest i Ulvik og Granvin, tlf. 97 70 93 77,

sokneprest@kyrkja.ulvik.no

## Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret



**Kyrkja i dalen** (2008)  
Nesheim kyrkje 100 år.  
111 sider -

**NY PRIS kr 150,-**

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



**Dei bygde draumen** (2005)  
Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

**NY PRIS kr 200,-**


Kan kjøpast her:

Dale: Gyda.

Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja.



**Kyrkjestaden Dale**  
100 år (1996)  
104 sider - kr. 50,-.



**Soga om Stamneskyrkja** (1986) 239 sider  
- kr. 50,-.

**Jubileumshefte for Stamnes kyrkje**  
(perioden 1986-2011)  
er til sals hjå sokneråds-medlemmene, Kr 100,-

# Svenskepresten var heimom



Privat bilete.

Vaksdølen Anders Magne Tolås Wendel er prest i Gøteborg i Sverige, der kona hans er ifrå. Siste veka i juni hadde han med seg konfirmantar

og leiarar frå kyrkjelyden, for å gå på tur i Vaksdalsfjella. Turen gjekk over fleire dagar, og varet avslutta med gudstene og kyrkjekaffi i Vaksdal

kyrkje sundagskvelden. I gudstene var Anders Magne pianist og kapellmeister, men heldt og preika.



På bileta ser me gjengen frå Gøteborg og Anders Magne ved døypefonten i Vaksdal kyrkje under preika.

# Ordinert og godt i gang



Kjetil Kringlebotten vart ordinert i Åsane kyrkje søndag 15. juni, og er no sokneprest i Hafslø – førebels som vikar i eitt år. Sjå gjerne intervjuet

med han i førre nr. av Kyrkjebladet. Søndag 17. august hadde han si fyrste gudstene i Hafslø. På bileta ser me at biskop



Halvor Nordhaug gjev Kjetil ei gåve og ordinasjonsbrev på kyrkjekaffien etter ordinasjonsgudstene, og nokre av dei som kom til Åsane

den dagen for å vere med å dele hendinga med den nye presten.



## Møter m m i Dale Bedehus

Onsdag 17. september kl. 19.00:

Møte. talar: Christian Skoge

Onsdag 8. oktober kl. 19.00:

Møte. Talar: Audun Hjellvik

Laurdag 25. oktober kl. 16.00:

Basar.

Laurdag 8. november kl. 18.00

Bibelhelg. Talar: Asle Hetlebakke

Søndag 9. november kl. 18.00:

Bibelhelg. Talar: Asle Hetlebakke

Onsdag 19. november kl. 19.00

Møte. Talar: Ottar Dalseid

## FELLES MØTEVEKE

I Stamnes bedehus

Talar: Tor I. Lauvrak

Tysdag 23. til laurdag 27. september

Alle møta byrjar kl.19.00



## Storsamling m m i Vaksdal bedehus

Søndag 14. september kl. 11.00: Storsamling

Lørdag 4. oktober: Bedehusdagen

Søndag 5. oktober kl. 11.00: Storsamling

Søndag 19. oktober kl. 17.00: Vere saman-samling

Søndag 2. november kl. 11.00: Storsamling

Det er førebels ikkje aktivitet i **Stanghelle bedehus**, då det er leigd ut som barnehage. Men:

Laurdag 18. oktober kl. 16.00:

Basar for Stanghelle bedehus i Stanghelle Samfunnssal.

Søndag 26. oktober  
**Helene Bøksle**  
 Vaksdal kyrkje  
 Bill. kr 350,-  
*Billettar i sal  
 hjå Billettservice*

## Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

**DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN**

Opningstider: 7.30 - 15.00

Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no  
 ao-senter@vaksdal.kommune.no

## TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

## ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



## Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering



- vi gir morgendagen nye muligheter



Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

## Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**S**  
**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# SLEKTERS GANG



## DØYPTTE

### Bergsdalen

08.06 Emma Opsanger Furubotn  
08.06 Oda Hisdal Kyrkjeteig

### Dale

01.06 Frida Bjørkheim Haugsvær  
01.06 Torbjørn Rolland Midtun  
13.07 Sunniva Faugstad  
03.08 Madelen Breivik Johansen  
03.08 Ørjan Moldøen  
03.08 Mie Boge-Sørensen  
31.08 Emil Fosse Birkeli (døypptå Osterøy)

### Stamnes

08.06 Olai Carlsen Hop  
29.06 Leif André Langeland



## VIGDE

### Bergsdalen

31.05 Dan Berge og Nelly Elisabeth Skjerveggen  
07.06 Ole Andreas Dale og Silje Hetterud  
04.07 Kjell Asbjørn Solbakken og Annbjørg Gausvik  
16.08 Siv Katrine Solbakken Holm og  
Jon Øystein Gustavsen

### Dale

07.06 Robert Lie og Tove Birkeland

### Vaksdal

14.06 Svein Sæterdal og Kathrine Audestad  
30.08 Odd André Boge og Sol-Kari Terjesen

### Stamnes

31.05 Dag Olav Faugstad og Guro Straume  
02.08 Terje Pedersen og Hege Alette Eilertsen  
09.08 Thomas Brekkhus og Camilla Brügger



## DØDE

### Eksingedalen

24.07 Kari G Nese 1921

### Eidsland

16.08 Anny Solveig Carlsen 1934

### Dale

17.05 Johannes Mo 1926  
05.06 Jorund Nødtvedt Solheim 1933  
05.06 Georg Sæbjørn Madsen 1944  
17.06 Nils Auro 1928  
18.06 Jorunn Målfrid Helle 1945  
21.06 Anders Tveterås 1995  
10.07 Norvall Bolstad 1950  
17.07 Jenny Laastad 1920  
27.07 Anne Marie Kallestad 1934  
27.07 Villy Helle 1947  
29.07 Marta Hirth 1928  
14.08 Aud Kalsås 1933

### Stamnes

23.06 Inger Dyvik 1926  
04.08 Bjarne Holme 1941

### Vaksdal

07.07 Håkon J Olsnes 1927  
16.07 Ovald A Sæterdal 1912  
05.08 Kåre Johan Vik 1928



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



# VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 14. september – 14. sønd. i treeiningst.**

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Familiegudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Presentasjon av konfirmantane.

**Sundag 21. september – 15. sønd. i treeiningst.**

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Konfirmantjubileum.  
DALE KYRKE kl. 16.00. Ung Messe. Bø, konfirmantar og kantorane. Dåp. Nattverd.

**Sundag 28. september – 16. sønd. i treeiningst.**

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe. Kvamsøe, konfirmantar og kantorane. Dåp. Nattverd.

**Sundag 5. oktober – 17. sønd. i treeiningst.**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. 50- og 60-årskonfirmantane.  
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe, Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 12. oktober – 18. sønd. i treeiningst.**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. 50-årskonfirmantane.

**Sundag 19. oktober – 19. sønd. i treeiningst.**

Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Sundag 26. oktober – Bots- og bønadedag**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takoffer til . Kyrkjekaffi.  
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Hausttakkefest. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 2. november - Helgemessesundag**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.  
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 9. november – 22. sønd. i treeiningst.**

DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Gammelsæter og Kvamsøe. Korskulen i Vaksdal. Dåp. Nattverd. 4-åringane og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi.  
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Bø og Gammelsæter. Dåp. Nattverd. 4-åringane og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi.

**Sundag 16. november – 23. sønd. i treeiningst.**

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Gammelsæter. Dåp. Nattverd. 4-åringane og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi.

**Sundag 23. november – Kristi kongedag**

Ingen gudstenester i Vaksdal

**Sundag 30. november – 1. søndag i adventstida**

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane. Dåp. Nattverd.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane. Dåp. Nattverd.  
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantane. Dåp. Nattverd.

**Laurdag 6. desember**

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Gammelsæter. Lys Vaken-helg, der 4-åringane og 10-åringane i Eksingedalen er særskild innbedne. Kyrkjekaffi.

**Sundag 7. desember - 2. søndag i adventstida**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. 4-åringane og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi  
EIDSLAND KAPELL kl. 16.00 Lysmesse. Bø. Dåp. Nattverd. 4-åringane og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi  
Dåp= Høve til dåp i gudstenesta.

*Sjå annonsar og plakatar for oppdaterte opplysningar*



## *Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsøle*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*www.bunadogstakkastovo.no*